

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Tjøtta.

Emne: Beit og Brom.

Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Andreassen

Gard: Vestvågan.

(adresse): Vestvågan.

G.nr. 58 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

72 år. - Tjøtta. - Pensj. lærer og f.t. ordførar i Tjøtta.

SVAR

Om "Beit og Brom":

1. Ja, før vart det mykje nytta. Beit og brom/er tynne kvistar som ein bryt av bjørka om vinteren. Lauvknippe kvistar med lauv på som ein sankar om ettersumaren etter slåttonna - tørkar det og gjøymmer det på låven. Dette brukar ein mest åt sauane om vinteren. Beita får berre kyrne. (Beit og brom tyder omtrent det samme). Ein nyttar mest bjørk og rogn, men og selja. Til sauane også einer.
2. Ein bromma(eller beita) Og: Ein dreg drott.
3. Ja, ein nyttar dei tynne kvister av vinterveden.
4. Brommet bryt ein mest av med hendene.
5. Kyrne - men avog til også sauane -dei får lauvknippe.
6. Nei.
7. ~~Nei~~.

3090

